

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1

ROGALAND

1976

Namnet på vatnet Røssenhet
Kommune Busund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind
Vasshaug.

GÅSÅVATNET

Fiskeanalysen vart foreteken den 30. august 1976.

Vatnet ligg i Forsand kommune, på austsida av R 13 mellom Kvalvåg og Meling, og med "Gitlandsåsen" i aust og "Eldriåsen" i vest. Arealet er omlag 60 ha. og h.o.h. 36 m. Djupna på vatnet er ikke målt, men terrenget omkring skulle tilseie eit noko djupt vatn sjølv om der er nok også grunnlendte partier innimellom.

Stranda består for det meste av stein der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras, flotgras, siv og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet. Nedslagsfeltet femner om skogsmark, myr og snaufjell. Det veks ein del blandingsskog av furu og bjørk i nedslagsfeltet. Hovudtilsiget "Gitlandsbekken" fell inn i sør-aust. Vidare fell det inn større og mindre bekketilsig ymse stader. Avlaupet renn ut i sør til Lerangsvatnet.

Dei kjemiske tilhova.

Siktedjupet er 6,0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6,6 som er forbausande godt og heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 3,0 mg/l og den totale hardheita 6,3 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 53,1.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunktet analysen vart foretaken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne maur, myggpupper, stingsild, luftinsekter, vannkalv, dafnier, sommerfugllarver og stankelbein.


Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50.0 m og eit vertikaltrekk på 10.0 m med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige.


Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, stingsild og ål. Det er truleg at også smålaks og sjøaure går opp i vatnet når tilhøva ligg til rette.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 21 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 1 rød, 3 lys-røde og resten kvite i fiskekjøttet.
18 av fiskane (85%) var angripne av parasittar (måkemark).
Vidare var der 10 hanfiskar og 11 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.
15 fiskar (71%) var gytefisk, resten gjellfisk.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

| | 1år | 2år | 3år | 4år | 5år | 6år |
|------------------------|-----|-----|------|------|------|------|
| Medellengde i cm | 4,2 | 9,6 | 14,2 | 18,9 | 21,3 | 22,6 |
| Årleg lengdetilv. i cm | 4,2 | 5,4 | 4,6 | 4,7 | 2,4 | 1,3 |
| Antall fiskar | 21 | 21 | 21 | 21 | 12 | 2 |

Medel kondisjonsfaktor = 0,94 tilseier fisk av noko mager kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for fisken i Gåsavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Gåsavatnet ein heller därleg lengdetilvekst og ligg under normalen like frå fyrste år av. Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 25 cm, men det er berre få fisker som vil nå opp i denne storleiken. Spreide eksemplar av større fisk vil nok finnast, men der er neppe mange av desse.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast at tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon i Gåsavatnet. Vidare at vatnet er sterkt overbefolka i dag.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse gode. Ein pli på 6,6 er betre enn ein skulle tru og "bufferemna" er god samanlikna med andre vatn.

Ser vi på omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, vil vi

sjå at det er småfisken som dominerer og dei større fiskane er mangelvare.

Kondisjonsfaktor og vekstkurve tilseier at vatnet er sterkt overbefolka. Det same kan ein slutte ut frå parasittangrep og høg gyteprosent.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Gåsavatnet har ikkje kultivert mark i det heile, men undergrunnen tilseier lettforvitrelege bergarter, slik at vatnet gjennom tilsiga vil få tilført div. mineralstoff. Av denne grunn blir sur nedbør nøytralisiert og vi får ein gunstig pH. Ser vi på fisken vi fekk, så var den av mindre god kvalitet. Stingsilda er som kjent mellomvert for måkemark og når fiskebestandet er stort har fisken lett for å bli infisert. Heile 85 % av prøvefiskane var såleis angripen av denne.

Etter alt å døme vil der kunna gå smålaks (svidde) og sjøaure opp i Gåsavatnet. Om så er tilfelle har vi ikkje kjenskap til, men avlaupsbekken tilseier at desse fiskeslaga skulle kunna gå opp frå Lerangsvatnet.

Under prøvefisket fekk vi og fleire fiskar som var "ålespist" og mykje ålesli var å finna i alle garna.

Gytetilhøva er ikkje av dei beste, men likevel ser dei ut til vera gode nok for å sikre ei tilfredstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Gåsavatnet, Lerangsvatnet og elva i mellom går saman og skipar til eit grunneigarlag for vassdraget, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Vidare må ein gå i gang med utfisking for å føra fiskebestandet ned på eit nivå som tilsvarar næringsforrådet. Det er mykje viktig at der er samsvar mellom desse faktorane.

Kjøp inn 6-8 småmaska garn og driv utfisking med desse. Innan få år vil ein kunna sjå resultatet i form av større fisk og betre kvalitet.

Då der er mykje ål i Gåsavatnet må grunneigarane nyttiggjera seg denne. Om grunneigarlaget går i orden, skulle ein montere ei ålefelle i utlaupsbekken frå Lerangsvatnet. Her vil ein då kunne fange inn ålen frå heile vassdraget. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Grunneigarlaget måtte også gå inn for å utbetre oppgangen av sjøaure og smålaks. Dette kan gjerast ved å spreng ut nokre kulpardelar nedfor Lerangsvatnet, då her er eit mindre parti der sjøauren vil ha vanskar med å passere. Vidare må der setjast ut både sjøaure og smolt for å byggja opp ein fast stamme av desse fiskeslaga.

Vassdraget må åpnast for stangfiske mot løysing av fiskekort, medan grunneigarane sjølv tek hand om garnfiske.

Om grunneigarane vil gå inn for dei tiltaka som her er peika på, vil underskrivne vera hjelpesam med å gjennomføra desse.

På denne måten vil heile vassdraget bli utnytta til beste for alle og grunneigarane vil kunna få innkomer i form av kortsal.

Stavanger 28. mars 1977

Einar Berg